

Informasjon til elevar om skuletilbod i veke 20

Under følgjer informasjon om korleis skuletilbodet blir organisert ved Fusa ungdomsskule i veke 20

Rom og gruppedeling:

Elevane er delt inn i grupper etter klasse.

Elevane nyttar eigne inngangar etter kva etasje dei har klasserom i.

Etasje	Rom	Klasse	Rom	Klasse	Rom	Klasse	Inngang
	Tysdag		Onsdag		Fredag		
3.etasje	314	10A	317	9A	318	8A	Hovudinngang oppe
2. etasje	214	10B	217	9B	218	8B	Elevinngang
1.etasje	114	10C	117	9C	118	8C	Hovudinngang nede

Elevane har eigne faste plassar i klasserommet.

Elevane må vaska/desinfisera hender kvar gong dei går inn i og ut av "si sone" og elles praktisera god hand- og hostehygiene.

Elevane må praktisera minimum 1 meter avstand til andre.

Elevane skal nytta innandørs fellseareal i den etasjen dei disponerer klasserom i denne perioden, dei kan ikkje gå til andre soner utan løyve frå leiinga ved skulen.

Elevane kan ikkje opphalda seg i amfiet.

Elevane nyttar toalett i fellesareal i sin etasje.

Elevane kan *ikkje* nytta seg av bokskap/elevskap.

Elevane plasserer utesko og ytterjakker på knaggjar i fellesareal. Sekkar/bagar har dei ved sida av arbeidsplassen i klasserommet

Elevane et medbrakt matpakke i klasserommet på eigen plass. Det vert ikkje tilbod om skulefrukost.

Elevane må praktisera regelen om ca. 20 personar som maksimal gruppestorleik, ute og inne.

Elevar med symptom på luftvegsinfeksjon skal ikkje vera på skulen. Dersom elevar viser symptom på dette, vil dei bli isolerte og føresette vil bli kontakta. Eleven skal ikkje nytta offentleg transport heim.

Skuledagen frå og med 12. mai

I veke 20 brukar me «Koronatimeplan», den planen som har vore gjeldande sidan 13. mars. Skuledagane blir organisert slik det er vist under. Tidsplanen gjeld både på skulen og når eleven har heimeskule. Eventuelle endringar vil elevane finna på «klasserom» på Itslearning.

Aktivitet	Tidspunkt
1.læringsøkt	08.30 – 11.00
	15 minutt pause i læringsøkta etter avtale med lærar.
Lunsj Elevane spis i klasserommet	11.00 – 11. 15
Elevane som er på skulen er ute på skuleplassen framfor skulen	11.15 – 11.45
2.læringsøkt	11.45 – 14.15
	15 minutt pause i læringsøkta etter avtale med lærar.

Torsdag 14. mai blir det valfag heile dagen.

Elevane vert delt inn i mindre grupper på fire og fire elevar som kan nyttast som læringsgrupper og gå inn og ut saman mm.

Viser også til smittevernrettleiar for ungdomsskulen på utdanningsdirektoratet sine sider

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>

Eikelandsosen 8. mai 2020

Maylin Torgilstveit

Rektor

Thor Magne Liljeroos-Sandal

Inspektør

Arild Matland

Inspektør